

# Velkommen til Ulvik omsorgstun



Informasjonsbrosjyre for  
bebuarar og pårørande



**Ulvik herad**  
*Perla i Hardanger*

## Hjarteleg velkomen til oss!

Me ynskjer deg og dine pårørande hjarteleg velkomen til Ulvik Omsorgstun. Me ynskjer å gjere vårt beste for at du og dine skal finne Dykk til rette her på omsorgstunet. Me kan nok ikkje erstatte din eigen heim, men me skal gjere det beste for at du skal kjenne deg trygg og ivaretaken og få så god behandling og omsorg som mogeleg. Saman med deg og dine pårørande, vil me forsøkje å gjere kvardagen din aktiv og meiningsfull på dine premisser.

Me håpar denne brosjyra vil vere til hjelp for deg og dine nærmeste, og gje svar på nokre av dei spørsmåla de måtte ha.



## Organisering:

Ulvik omsorgstun har ei somatisk eining og ei skjerma eining for personer med demenssjukdom. Totalt har ein 14 faste plassar, der 9 er langtidsplass på somatisk eining og 5 er langtidsplass på skjerma eining. Dei resterande plassane er 2 korttids- og rehabiliteringsplassar og 2 avlastningsplassar. På Ulvik omsorgstun har ein også ei dagavdeling for personar med demens, som er open tre dagar i veka. Dei held til inne på skjerma eining, og er open måndag, tysdag og torsdag. På dagavdelinga held ein på med ulike meiningsfylte aktivitetar, ein reiser på handel, bilturar, bakar, syng og dansar. Personar med demens som ynskjer å ha eit aktivitetstilbod på dagavdelinga, er hjarteleg velkomne til å søkja.

Ulvik omsorgstun er eit moderne bygg med trygge omgjevnader. Det er sprinkleranlegg og eit godt utbygd brannalarmsystem i bygget. Me minner alle besøkjande, pasientar og pårørande om å lese og setje seg inn i brannførebyggjande tiltak og evakueringsrutinen. Informasjon om dette finn de på kvart pasientrom, eller ved å spørje dei tilsette.

## **Innlegging**

Alle innleggingar skjer i samarbeid med sakshandsamarar i kommunen. Dei behandlar søknadar ein dag i veka – på tysdagar. Når du kjem til omsorgstunet, vil du få tildelt ein sjukepleiarkontakt og ein primærkontakt, som vil gje deg informasjon og som vil vere din kontaktperson.

## **Sjukepleier og primærkontakt**

Alle som får langtidsplass på omsorgstunet, får tildelt sjukepleiarkontakt og primærkontakt. Ved korttidsopphald er det personal i heimesjukepleia som har denne oppgåva.

Sjukepleiarkontakten og primærkontakten vil sørge for at du og dine pårørande har ein fast person å forhalde Dykk til. Kontaktane sørger for kontinuitet og individuell oppfylgjing.

Dei som jobbar hjå oss har høg faglegheit og god kompetanse. Du vil møta sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og dyktige assistenter med ulik kulturell bakgrunn.

Omsorgstunet har tilsynslege tilstades kvar veke. Tilsynslegen vil fylgje deg opp i forhold til behandling og medikament.

## **Innkomstrutiner**

Når du kjem til oss, ynskjer me å ta godt imot deg. Du og dine pårørande vil få ein innkomstsamtale med avdelingssjukepleier og sjukepleiar/primærkontakt innan dei fyrste vekene du bur her. For å kunne verte godt kjend med deg, ynskjer me også at du/de fyller ut eit skjema med bakgrunnsopplysningar. Her kan du fortelje kva du har gjort gjennom livet, dine interesser osv. Dette vil hjelpe oss mykje i å tilpasse aktiviteter og samtalar til dine behov og interesser.

Alle rom er einerom, og har eige dusj og toalett. Romma er enkelt innreia, og du er velkommen til å ta med deg private gjenstandar. Me ber om at romma ikkje vert overmøblert, då me har fokus på fallførebygging og at det skal vere enkelt for reinhald å vaske rommet ditt. Me ynskjer ikkje at du har tepper på golvet. Det er TV på alle rom ved Ulvik omsorgstun. Verdifulle gjenstandar du tek med deg, bør vere forsikra. Ulvik omsorgstun tek ikkje ansvar for å erstatte tapte verdier.

Når du har fått langtidsplass, må du eller dine pårørande sende flyttemelding til folkeregisteret. Du og dine pårørande har sjølv ansvar for å endre adresse hjå posten, til avisar og vekeblad osv. Det er ikkje tillete med levande lys på omsorgstunet, og me ynskjer at røykjarar røykjer ute så langt det let seg gjere.

Alle klede må merkast godt med navnelappar. Ein vaskar kleda på omsorgstunet dersom ikkje anna er avtala med deg og dine pårørande. Ullklede og klede som treng ekstra fin behandling kjøper du inn på eige ansvar. Me opplev dverre ved fleire høve at desse plagga er særleg utsette for å verte feilvaska og krympa. Ulvik omsorgstun erstattar ikkje klede som

er merka med handvask. Me avtalar saman med deg og dine pårørande kven som har ansvar for å handle inn klede og sko, samt toalettsaker. Dette må du halde sjølv.

## **Mat og drikke**

Ulvik Omsorgstun har stort fokus på riktig ernæring og eit godt miljø rundt måltidene. Me har eige kjøkken som lagar tradisjonsrik og god mat. Me har også ei kantine der pårørande er velkomne til å kjøpe seg mat.

På avdelingane har me eigne avdelingskjøkken som tilbereder nokre av måltida, i hovudsak frukost og kveldsmat. Ein kan velje om ein vil sitje inne på kjøkkenet/stova og ete, eller om ein vil ha maten på rommet. Dersom du ynskjer det, kan du også ete i kantina. Me tilpassar oss dine vanar og ynskjer.

### **Rettleiande måltidsrytme:**

Frukost	kl 09.00
Lunsj	kl 12.30
Middag	kl 15.30
Kveldsmat	kl 18.30

Ein kan få tilbod om seinkvelds rundt kl 21 – 22 dersom ein ynskjer det. Mellom måltida kan ein servere forfriskingar som frukt, kjeks og drikke til.

## **Pårørande**

Me ser på pårørande som ein stor ressurs for deg som pasient. Dei er velkommen til avdelinga når som helst. Dei kan gjerne hjelpe deg med å halde orden på rommet, i klesskap osv, fylgje deg til behandlingsundersøkingar, ta deg med ut på tur, delta på aktiviteter saman med deg og bidra i fellesskapet for auka trivsel både inne og ute.



## Økonomi

Ved langtidsvedtak vil eigenbetaling verte trekt frå pensjonen din (sjå nærmere opplysningar i vedtaket du har fått). Den resterande delen av pensjonen din (kontantytelse) disponerer du sjølv. Korleis du og dine pårørande vel å handtere dette, kan de avtala Dykk imellom og informere oss i etterkant. Det kan vere greit at det ligg noko lite kontaktar her på omsorgstunet (me har safe), slik at primærkontat eventuelt kan hjelpe til med å handle deodorant, shampoo, aviser eller andre ting som plutseleg måtte dukke opp.

Pasientar med korttidsvedtak dekkjer sjølv eigenandel ved transport til og frå behandling utanfor Ulvik omsorgstun. Pasientar som har langtidsvedtak, får heile transportkostanden dekka. Private reiser må pasient dekke sjølv.

### *Prisar:*

Prisane på t.d korttidsopphald er statleg regulerte og du vil finne informasjon om prisar på [www.ulvik.kommune.no](http://www.ulvik.kommune.no)

Avlasting i institusjon er per i dag gratis. Du må sjølv ha med deg medikament du brukar og evt anna medisinsk utstyr som kateter/kateterposar eller liknande. Ved avlastingsplass har du ikkje rett på vekentleg oppsyn med tilsynslækjar på omsorgstunet.

## Aktivitet, Kultur og Velvære

Ulvik omsorgstun har fleire tilbod som stettar ein aktiv kvardag med meiningsfull påfyll av ulike slag. Me har andakter ein gong i månaden. Arbeidsstova er open kvar torsdag frå kl 10. Me har stundom konserter og andre tilstellingar. Planlagde aktiviteter vert det opplyst om i god tid, slik at flest mogeleg skal kunne delta.

Ulvik omsorgstun har eigen hage og flotte uteområder. Desse ynskjer me at skal verte flittig brukt av deg som bebruar her på omsorgstunet og dine pårørande.



## **Frisør og fotpleier**

På Ulvik omsorgstun har me tilbod om frisør annankvar torsdag. Ein kan sjølv ringje ho og bestille time, eller ein kan be personalet om å gjere det. Frisør må du betale sjølv.

Fotpleiar er også tilgjengeleg på Ulvik omsorgstun. Her er det ynskjeleg at ein bestiller time sjølv på telefon. Ho vil då samle opp og kome når ho har full liste. Det vil difor variere litt med kor ofte ho er på omsorgstunet. Fotpleiar må du betale sjølv.



## **Andre samarbeidspartnarar**

Tilsynslege er tilstades på Omsorgstunet kvar tysdag og kvar fredag. Utanom desse tidene tek sjukepleier på vakt kontakt med tilsynslege dersom noko akutt skulle oppstå. På kveld, natt og i helgene er det legevaka ein tek kontakt med ved behov for hjelp.

Tannpleiar har tilsyn med bebuarane på omsorgstunet ein gong i året. Tannpleier kartlegg då tannhelsa til kvar enkelt bebuar, og rettleiar deg og personalet i tannstell og god munnhygiene.

## **Openheit**

Me ynskjer eit ærleg og opent miljø her på Ulvik omsorgstun. Tilbakemeldingar, både ris og ros, blir hjarteleg mottekne. Tilbakemeldingar er viktig for at me skal kunne yte best mogeleg service og hjelp til bebuarane.

All personale som jobbar på Ulvik Omsorgstun har teieplikt. Me ynskjer at De som pasient, pårørande og besøkjande også respekterer teieplikta. Dette inneber at det du ser og hører her på omsorgstunet, blir her på omsorgstunet. På denne måten kan me sikre oss at bebuarane blir ivaretakne på ein forsvarleg måte, og at opplysningar ikkje kjem på avvege.

## **Ergoterapeut og Fysioterapeut**

Fysio- og ergoterapitenesta er ein del av Ulvik herad sitt helsetilbod. Målet for tenesta er at barn, vaksne og eldre skal meistre livet og kvardagen på eigne premissar. Ulvik herad har tilsett både fysioterapeut og ergoterapeut. Ulvik herad har ergoterapeut i 60% stilling, med kontor på omsorgstunet.

Den kommunale fysio- og ergoterapitenesta tilbyr undersøkingar og tiltak til menneske som har problem knytt til rørsle og aktivitet. Terapeutane jobbar saman med den det gjeld for å finna tiltak og gode løysingar for den enkelte. Fysio- og ergoterapitenesta driv også helsefremjande og førebyggjande arbeid. Målet er å redusera risikofaktorar som kan føra til nedsett helse. På omsorgstunet er fysioterapeutane tilgjengelege to dagar i veka i gitte tidsrom. Ein tek individuelle vurderingar på intensitet på fysioterapitenesta ved omsorgstunet, ut frå eit brukarstyrt behov.



## **KONTAKTINFORMASJON**

Sentralbord: 56527080

Avdelingsleiar: 40007184

Avdelingsleiar hovudkjøkken: 40007188

Hovudnummer kjøkken/kantine: 40007164

Pasienttelefon somatisk eining: 90857039

Pasienttelefon skjerma eining: 40007137

Ergoterapeut: 40007191

Fysioterapeut: 40007192

Fysioterapeut: 40007193

Frisør, Anne Marie Haugen: 91123902

Fotpleiar, Ranveig Helland: 41571411

Vaktmeister: 40007181